



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President
Karl Johansgate 22
Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

25/5714-

11. desember 2025

Spørsmål nr 699 til skriftlig besvarelse fra stortingsrepresentant Ove Trellevik til samferdselsminister Jon-Ivar Nygård

Spørsmål

Kan eg be om ein tabell som viser billettpris for dei ulike riksvegferjesambanda, og det samla provenyet av billettinntekter frå kvart enkelt samband i 2025 og forventa proveny i 2026?

Svar

AutoPASS for ferje er eit nasjonalt system for elektronisk betaling av ferjereiser. Ordninga byggjer på Autopass-regulativet, som fastset reglar for takstar, inndeling i køyretøygrupper og rabattar, slik at prising og betaling skjer på ein enskopleg måte. Autopass-regulativ for ferjetakstar blir nytta på 15 av 16 riksvegferjesamband. På desse sambanda er billettprisane foreslått auka med 3,6 pst. frå 1. januar 2026. Riksvegferjesambandet Moss–Horten blir drifta utan statlege tilskot og følgjer eit eige regulativ.

Regulativa er bygd opp av 9 takstgrupper basert på lengda til køyretøyet, og ein eigen takstgruppe for motorsyklar. I tabellen nedanfor blir gjeldande ferjetakst vist for takstgruppe AP1 (køyretøy inntil 6 meter). Tabellen viser fullprisar (takstar slik dei er i dag). I riksvegferjedrifta har nullutsleppskøyretøy i takstgruppe AP1 30 pst. rabatt. For sambanda som nyttar Autopass-regulativet for ferjetakstar, gir ordninga høve til elektronisk betaling og rabattar, der forskotsavtalar kan gi inntil 50 prosent takstreduksjon. For sambandet Moss–Horten er tilsvarande rabatt sat til 30 pst.

Samband	Strekning	Takstzone	Fullpris AP1 (0-6m)
Moss–Horten	Moss–Horten	Eige regulativ	291

Mortavika–Arsvågen	Mortavika–Arsvågen	10	172*
Hjelmeland–Skipavik–Nesvik	Hjelmeland–Nesvik	3	61
Hjelmeland–Skipavik–Nesvik	Skipavik–Hjelmeland	5	0
Hjelmeland–Skipavik–Nesvik	Skipavik–Nesvik	4	0
Halhjem–Sandvikvåg	Halhjem–Sandvikvåg	22	170
Anda–Lote	Anda–Lote	3	61
Lavik–Oppedal	Lavik–Oppedal	6	78
Vangsnes–Hella–Dragsvik	Balestrand–Dragsvik	3	61
Vangsnes–Hella–Dragsvik	Balestrand–Hella	4	67
Vangsnes–Hella–Dragsvik	Balestrand–Vangsnes	7	85
Vangsnes–Hella–Dragsvik	Hella–Dragsvik	2	55
Vangsnes–Hella–Dragsvik	Hella–Vangsnes	5	72
Vangsnes–Hella–Dragsvik	Vangsnes–Dragsvik	6	78
Mannheller–Fodnes	Mannheller–Fodnes	4	67
Festøya–Solavågen	Festøya–Solavågen	5	72
Molde–Vestnes	Molde–Vestnes	12	112
Volda–Folkestad	Volda–Folkestad	4	67
Halsa–Kanestraum	Halsa–Kanestraum	6	78
Bodø–Værøy–Røst–Moskenes	Bodø–Moskenes	95	584
Bodø–Værøy–Røst–Moskenes	Bodø–Røst	109	0
Bodø–Værøy–Røst–Moskenes	Bodø–Værøy	87	0
Bodø–Værøy–Røst–Moskenes	Moskenes–Røst	73	0
Bodø–Værøy–Røst–Moskenes	Moskenes–Værøy	35	0
Bodø–Værøy–Røst–Moskenes	Værøy–Røst	43	0
Bognes–Lødingen	Bognes–Lødingen	24	180
Drag–Kjøpsvik	Drag–Kjøpsvik	17	140
Bognes–Skarberget	Bognes–Skarberget	10	100


* Taksten er inklusive 72 kr i bompengar

Inntekter frå samband med bruttokontraktar blir løyvde på kap. 4320, post 04 *Billettinntekter frå riksvegferjedrifta*. I forliket om statsbudsjettet for 2026 er det lagt opp til ei inntekt på 805 mill. kr. I tabellen nedanfor blir denne inntekta vist per samband/kontrakt. Statens vegvesen sin rapport for andre tertial viser ein prognose over post 04 på 755 mill. kr i 2025. Den forventta inntektsauken i 2026 for sambandet Bodø–Værøy–Røst–Moskenes kjem i hovudsak av at sambandet frå 1. oktober 2025 endra kontraktsform frå netto til bruttokontrakt, og at billettinntektene i den nye avtalen blir førte på post 04. Beløp i mill. kr.

Kontrakt/samband	Kap. 4320, post 04 i 2025*	Kap. 4320, post 04 i 2026 (beløp mill. 2026-kr)
Moss–Horten	0	0
Anda–Lote	26,1	25,8
Bodø–Værøy–Røst–Moskenes	2,5	43,3
Bognes–Lødingen	40,4	39,1
Drag–Kjøpsvik og Bognes–Skarberget	30,7	31,8
Halhjem–Sandvikvåg	172,3	177
Halsa–Kanestraum	44,4	42,9
Hjelmeland–Nesvik–Skipavik	15,8	16,3
Mannheller–Fodnes og Vangsnes–Hella–Dragsvik	66,7	67,7
Lavik–Oppedal	32,5	36,9
Molde–Vestnes	105,1	102,2
Mortavika–Arsvågen	166	167,7
Volda–Folkestad og Festøya–Solavågen	52,5	54,3
Sum	755	805

*pr andre tertial 2025

Med helsing


Jon-Ivar Nygård